

ann **e** leis

Anne S. Tvedt | @ann.e.leis | anneleis.no

#kantefølhuva



Kantefølhuva

Huva for fjellfolk! Denne huva passar like godt sommar som vinter.
Strikkast i norsk garn av ull sortert på norilia på Gol.

Følg mønsteret slavisk eller leik deg med fargar. Lag huva einsfarga, stripete eller med mønsterdiagrammet som følger med eller eit heilt anna diagram. Tilpass huva etter ditt behov – kanskje du vil ha dusk eller øyreklaffar? Kreativiteten lenge leve!

Strikkar du huva, del det gjerne med oss på instagram under emneknaggane #kantefølhuva #kanteføflak og merk gjerne @kanteføflak og @ann.e.leis

Strikkefastleik: 25 m glattstrikk = 10 cm

Pinnennummer: 3 mm eller det du treng for å treffe rett strikkefastleik.

Storleikar: 52-54 cm (54-65 cm)

Garn: *Rauma Finull* (50 g = 175 m. 100 % rein ny ull frå norsk kvit sau.)

Farge 1 mosegrøn 476/brunost 4076/vinrød 428: 50 g

Farge 2 kvit 401: 50 g

Farge 3 svart 436: 50 g

Brukar du anna garn enn oppgitt, hugs at lua kan endre uttrykk. Forslag til andre garn er Sandnes Tove eller Sandnes Tynn Merinoull.

Forkortingar

m = maske

r = rett

vr = vrang

2rsm = to rett saman

ssk = slip, slip, knit

Slik gjer du: Legg opp 108 (126) m med farge 1.

Strikk vrangbord 1 r, 1 vr 10 (12) cm.

Byt til farge 2, og strikk 4 (5) cm glattstrikk.

Strikk diagrammet om du ønsker det, striper eller eit anna diagram.

Strikk så 4 (5) cm med farge 1.

Plasser maskemarkørar rundt heile omgangen med 18 m mellom = 6 (7) merker. Fell til luetopp ved å på kvar side av kvart merke ssk og 2rsm på annankvar omgang til du står att med 12 (14) m. Fell av og snurp saman i toppen. Fest alle trådar.

Om du ønsker, lag dusk, øyreklauffar eller kva du måtte ønske.

